



Det e' her me bur

”Det e' her me bur” skisserar ei framtid som i stor grad er basert på ei framskriving av fortida. Kvinnherad kommune har i 2022 framleis svært gode lokale inntekter frå vasskraft og har nytta desse til å kjøpa seg ut av omstillingsutfordringar som svært mange kommunar har vore nøydde til å gå igjennom i perioden fram mot 2022. Dei lokale ressursane er i stor grad nytta til å oppretthalde eit omfangsrikt lokalt tenestetilbod i alle delar av kommunen. Dette

har medført at busettingsmønsteret er opprettholdt i alle delar av kommunen, men innbyggjartalet i kommunen har totalt sett gått kraftig ned. I 2022 er det rett i underkant av 10 000 innbyggjarar i Kvinnherad.

Kommunen greidde gjennom iherdig lobbyverksemd å halda på kommunegrensa gjennom den store strukturreforma i 2016, der Noreg vart delt inn i 170 regionkommunar. Kvinnherad er etter dette ein av landets 10 minste kommunar målt både i areal og innbyggjartal. Dette har medført at kommunen no er ”omringa” av fire store kommunar; Sunnhordland kommune, Haugalandet kommune, Hardanger kommune og Bergen kommune. Kvinnherad kommune samarbeider i alle retningar med dei som vil ta dei med, men sliter med å finne sin plass i det nye kommunebildet.

Innbyggjarane i Kvinnherad sluttar opp om og er glad kommunen sin. Men det er kanskje først og fremst som eit verkemiddel for å oppretthalde livskraftige bygder, og ikkje fordi dei nødvendigvis er opptekne av Kvinnherad kommune. Ein kan tidvis sjå teikn til bygdekamp når ressursane skal fordelast, men samstundes ser alle at Kvinnherad kommune er ein garantist for å oppretthalda spreidd busetnad og tenestetilbod i kommunen. Alle grendene har aktive grendalag, dugnadsanda er høg og trivselen stor. Utfordringa er at grendene er lite inkluderande for dei som kjem utanfrå og den sosiale kontrollen er sterk. ”Eg kjende far din og farfaren din med” er ordtak som ofte nyttast og som er eit teikn på sterk sosial kontroll. For dei som aksepterar den er det trygt, men for dei som ønskjer meir fridom, opplevast det som kvelande.

Til tross for dei høge inntektene har kommunen lite å rutta med til regional utvikling, da det meste vert brukt opp på tenesteproduksjon. ”Det kan aldri bli nok institusjonsplassar” er politikaranes sitt omkved. Delen innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon har auka frå 15 % i 2010 til 27 % i 2022. Kommunen har også bevart ein svært finmaska skulestruktur. Dette blir av tilhengarane løfta fram som ein garanti for levande bygder, mens kritikarane peiker på at det går ut over kvaliteten i skulen. Kvinnherad sig da også stadig lenger nedover lista på skuleresultat.

Det har skjedd relativt lite med næringslivet i Kvinnherad fram mot 2022. Framleis er det primærnæringane, offentleg sektor og SØRAL som dominerar næringslivet. Dette er trygge og gode arbeidsplassar. Utfordringa er at dette er lite attraktive arbeidsplassar for folk med høgare utdanning, noko som igjen fører til auka levekårsutfordringar for heile Kvinnheradsamfunnet. Særleg er utfordringa stor med å få unge jenter til å velje Kvinnherad etter avslutta utdanning. I landbruket er det ”mangesysleriet” som rår. Dei fleste bruka er små, men ved å kombinera det med jaktrettar, vedproduksjon, gardsmat og turisme kan ein skapa eit årsverk ut av det. Kommunen har lite ressursar til å drive næringsutvikling og i den grad det skjer, er lokalisering og fordelingspolitikk viktigare kriterium enn levedyktige og innovative arbeidsplassar.



Regionkommun 1

”Regionkommunen” skisserar eit framtidsbilde der det har skjedd store endringar i Kvinnheradsamfunnet. Kvinnherad har satsa mykje på å utvikla eit sterkt regionsenter i skjeringspunktet mellom Hardanger, Haugalandet, Sunnhordland og Bergen. Verkemiddelet har først og fremst vore å utvikla Husnes som det føretrekte sentret for handel, sørvis og oppleving i Folgefonnregionen. Husnes er no regionsenter og kommunesenter i den nye **Folgefonna** kommune som vart oppretta etter

struktureforma i 2016. Kommunen har gjennom offensive reguleringsplanar, storstilt samarbeid med private entreprenørar og kanalisering av kommunale middel, bygd opp eit regionsenter som trekk til seg innbyggjarar frå heile Kvinnherad, men også mange personar frå andre kommunar veljer Husnes. Husnes er no en by med alle de tilbud som man ventar å finna i en moderne og utviklingsorientert småby. Særlig er veksten av unge som bur i dei nye ungdomshusvera, samt eldre som har valt å flytte til dei nye moderne og tilrettelagte leilighetane stor. Bygdene i Kvinnherad derimot er ikkje nøgde. Folketalet har gått mykje ned og det er lenge sidan det vart bygd nokre nye hus utanfor Husnes og Rosendal.

Innbyggjarane har et pragmatisk forhold til kommunen og ser først og fremst på kommunen som ein tilretteleggjar og leverandør av tenester. Dei er meir opptatt av bygda si, Husnes og Bergen enn av den nye kommunen. Den vert da også opplevd meir som ei offentleg forvaltningseining enn som eit identitetsmerke i 2022. Dette har også medført at innbyggjarane har byrja å stilla heilt andre krav til dei kommunale tenestene. Det er meir fokus på kvalitet og sørvis, og at ressursinnsatsen må stå i forhold til dei resultatane som vert levert. Kommunen valde allereie i 2013 å gjennomføra ei stor skulestrukturutgreiing med eit påfølgjande vedtak om å redusera talet på skular kraftig, slik at ein ved opstarten av skuleåret 2014 berre hadde 3 ungdomsskular og 6 barneskular. Dette førte til mykje støy og strid, og mange av bygdene rasar over det dei kallar ”Husnesimperialisme”. Andre derimot meiner dette har avgjerande verknad for å utvikla kvaliteten i skulene i Kvinnherad.

Gjennom auka bruk av lov og fastsetting av rettar, frie brukarval, teneste- og sørvisgarantiar har kommunen ut over 2010-talet utvikla ei heilt anna evne til å levera eit breitt spekter av skreddarsyde tenester. Dette har igjen ført til at betalingsviljen for tenester har auka hos brukarane, slik at ein i dag får et sett av gode basistjenester og kan kjøpa tilleggstenester om ein ønskjer det. Innbyggjarane sitt fokus er i stor grad på ”det gode liv”. Det handlar om urbane verdiar og spanande jobbar. Samstundes er attraktiv og aktiv fritid hos en særst helseopptatt befolkning eit stort pluss for utviklinga av levekåra og folkehelsa i kommunen.

Næringslivet i regionen er prega av at ein har fått ein vekst innanfor handel, sørvis og privat tenesteyting. Ein har til en viss grad fått ein ”amerikanisert” økonomi der ein i stadig større grad kjøper tenester og halvfabrikata i staden for å produsera og gjera jobben sjølv. Det har også utvikla seg stadig fleire kompetanse- og teknologiarbeidsplassar innanfor de allereie tilstadeverande næringane. Der ein tidligare i stor grad bygde skipa i Kvinnherad, så bruker ein i 2022 en stadig større del av produktmidlane på å utvikla, konstruera og følgje opp prosjekta. Landbruket er i stor grad strukturrasjonalisert slik at det med få unntak er store samdriftsløysingar som er den dominerande driftsforma. Det har igjen ført til at sysselsettingsgraden har gått ned medan lønsemda har gått opp i landbruket.